
Vår referanse 2020/70937-2
Dato 14.09.2020

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Høyring - "forslag til lov om midlertidig unntak fra kommuneloven og lov om interkommunale selskaper"

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er bl.a. sekretariat for eit fylkeskommunalt og 15 kommunale kontrollutval. Vårt syn er at kontrollutvalsmøta i all hovudsak bør gjennomførast som fysiske møter, men at det og bør vera unnatak for å kunna ha fjernmøte i gitte situasjonar.

- Utvalsmøta er vanlegvis opne, men det førekjem at møtet kortvarig er lukka, td. ifm. informasjon som vert gjeve. Då er det og nyttig at folkevalde organ kan halda fjernmøter, også i dei tilfeller der møtene skal lukkast.
- Fjernmøter siste halvåret har i all hovudsak vore knytt til pandemi. Det kan og vera andre situasjonar som krev fjernmøte, td. sak med hasteperspektiv i kombinasjon med naturfenomen som ras, rasfare, storm med innstilt ferge mv. Då er det gjerne innkalla til fysisk møte, som må endrast til fjernmøte, slik at utvalet vert vedtaksfør.
- Ei mellombels lov fram til 1. juni 2021 vil gje handlingsrom for køyrereglar som kommunestyra og fylkestinga i landet kan gje, om formalitetar i folkevalde organ vidare.
- Det gjev og handlingsrom dersom departementet vil vurdera varige endringar i lov eller forskrift, før gjeninnført mellombels lov vert oppheva.

Sekretariatet har ikkje drøfta forslag frå departementet om organ i interkommunale selskap.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:
Fylkesordførar i Vestland fylkeskommune
Fylkesrådmann i Vestland fylkeskommune
Kontrollutvalsleiar i Vestland fylkeskommune
Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)